

**PLANPROGRAM FOR
KOMMUNEDELPLAN
FOR SJØ OG
STRANDSONE I
OSTERØY KOMMUNE
2015-2025**

Innhold

1.	BAKGRUNN OG FØREMÅL FOR PLANARBEIDET	3
2.	PLANAVGRENSING.....	3
3.	FØRINGAR FOR PLANARBEIDET.....	3
	NASJONALE FØRINGAR.....	3
	REGIONALE FØRINGAR	4
	KOMMUNALE FØRINGAR	5
4.	OVERORDNA MÅLSETNING	5
5.	METODE OG PROSESS	6
	KARTLEGGING FUNKSJONELL STRANDSONE	6
	BYGGJEGRENSE.....	6
	PLANPROSESS	6
	KONSEKVENsutGREIING	7
	RISIKO OG SÅRBARHETSANALYSE.....	8
6.	PLANTEMA OG TRONG FOR utGREIINGAR.....	9
	FRILUFTSLIV	10
	NÆRING	10
	SMÅBÅTHAMNER/NAUST	10
	BRUK AV GAMLE BYGG I STRANDSONA	10
	AKVAKULTUR	10
7.	TIDSPLAN OG MEDVERKNAD.....	11
	TIDSPLAN	12

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL FOR PLANARBEIDET

Ingen anna arealkategori har så stor variasjon i bruk og interesser enn det strandsona har. Dette arealet har stor verdi for friluftsliv og rekreasjon samstundes som det er dei mest attraktive områda for bustad og fritidsbustadar, naust og småbåthamner. Ein stor del av verdiskaping og næringsliv er i tillegg knytt til strandsona gjennom næringsareal og infrastruktur. I overgangen mellom sjø og land finn òg eit vidt spekter av naturmangfald sine leveområde. Dette er alle viktig omsyn som skal forvaltast på ein god måte.

Osterøy kommune har mykje strandsoner. Topografien gjer imidlertid at berre ein mindre del av denne er tilgjengeleg for bruk til næring, friluftsliv og andre føremål. Historisk er ein stor del av den tilgjengelege strandsona bygd ut, fordi fjorden alltid har vore viktig for ferdsel og næringsliv i kommunen og det har vore naturleg å ta i bruk strandsona.

Strandsona må difor forvaltast i eit langsiktig samfunnsmessig perspektiv slik at ein klarar å ivareta alle interessene her. For å klare dette må ein ha ein plan for heile strandsona i kommunen med klåre prioriteringar som sikrar dei omsyna som er viktig for heile kommunen.

Oppdrettsanlegg finnes det mange av i sjøarealet til kommunen. Dette er ei viktig næring i kommunen både gjennom oppdrett, yngelproduksjon og fiskeforedlingsbedrift. Samstundes er det endringar i næringa som tilseier at det er trong for ein anna arealbruk enn det har vore tidlegare. Det er difor naturleg å sjå på sjø og strandsoner i same planen.

Føremålet med arbeidet er utarbeida ein arealplan som skal fungera som eit styrande dokument for arealforvaltninga i sjø og for strandsona. Planen skal sikre innbyggjarar og andre tilgong til sjø, viktige naturverdiar og ivareta mulighet for næringsutvikling.

2. PLANAVGRENSING

Planen vil omfatte heile kommunen si strandsoner frå sjø og 100 meter inn på land eller lengre der kartlagd funksjonell strandsoner går lenger inn. Frå strandsona og ut i sjø går planavgrensinga ut til kommunegrensa. Bakgrunnen for denne avgrensinga i sjø er at det er avsett mange område for akvakultur i sjø som går inn til land i kommunen. Det er eit ynskje om å nytte denne planen til å ta vekk dei som ikkje er i bruk og med det rydde opp i arealbruken i sjø.

3. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

NASJONALE FØRINGAR

Plan- og bygningslova sitt forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag

Generelt er det eit forbod mot tiltak nærmare enn 100 m frå strandlinja, jf. Plan- og bygningslova § 1-8. Dette forbodet gjeld så langt ikkje anna byggjegrænse er fastsett i kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplan.

Det generelle forbudet er grunngeve med dei viktige interessene som er knytt til strandsona, som til dømes friluftsliv, naturmangfald, landskap og kulturminner, er av nasjonal interesse.

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Planretningslinjene skal tydelegjera nasjonale føringar i 100 metersbeltet. Dette inneber mellom anna eit grunnlag for geografisk differensiering mellom områder som har stort og lite utbyggingspress, utan at dei omsyna som gjer seg gjeldande i strandsona vert sett til side. Osterøy kommune er plassert i område der det er mindre press på areala. Dette inneber at kommunen kan vedta planar som inneber utbygging til ulike føremål i 100 metersbeltet.

Viktige retningslinjer for desse områda er mellom anna:

- Utbygging bør så langt som mulig lokaliserast til område som er bebygd frå før.
- Det bør ikkje opnast for utbygging i område som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap.
- Alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogleg.
- Trongen for næringsutvikling og arbeidsplasser skal tillegast vekt ved vurdering av tiltak i 100 metersbeltet.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Dette er regjeringa sine forventningar til regional og kommunal planlegging, som skal leggjast til grunn for utarbeiding av planar i kommunane. Det er her vist til at kommunane skal vurdere arealbruken i strandsona langs sjøen i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen leggjast til grunn for planlegginga.

REGIONALE FØRINGAR

Fylkesdelplan for Hordaland 2005-2008 (Videreført til den vert erstatta av ny plan)

Planen inneheld viktige regionale føringar for arealplanlegginga til kommunane i fylket. Dei sentrale for dette planarbeidet er mellom anna:

- Kystsona i Hordaland skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.
- Privatisering av 100-metersbeltet langs sjøen skal reduserast for å sikre ålmenta tilgong til strandsona og sjøområda. Utvikling av allmenn friluftsliv skal prioriterast før utvikling av private fritidseigedomar.
- I byggeområde skal den funksjonelle strandsona ivaretakast slik at ferdsel langs stranda vert mogleg og strandområda eigna til rekreasjon ikkje vert bygd ut.

- Naust er bygningar i strandsone som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna.

Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland

Denne rettleiaren inneheld råd og rettleiing for ei meir planstyrt utvikling og berekraftig bruk av strandsona i Hordaland. Det er teke utgangspunkt i nasjonale og regionale mål for strandsoneforvaltning.

KOMMUNALE FØRINGAR

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sine føringar skal leggest til grunn for kommunedelplan for kystsonen. Føresegnene til kommuneplanen viser til at byggjegrænse skal vera 100 meter dersom ikkje anna byggjegrænse er sett. Der det er sett anna byggjegrænse skal det ikkje oppførast stengsel eller andre tiltak som hindrar allmenn ferdsel.

Det er vist til at regulering av naustområde må ikkje skje i område som bør reserverast for rekreasjon, friluftsliv, båttilkomst eller det kan vera til hinder for biologisk mangfald og natur. Naust skal nyttast til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereidskap. Det er ikkje høve til å omdisponera eller nytta naust som fritidshus eller bustad. Ei naustgruppe kan ha maksimum 3 samanhengande naust og det er ikkje tillete med gjerde eller andre stengsel ved naust.

4. OVERORDNA MÅLSETNING

Det er ein overordna målsetting i kommunen at urørt og attraktiv strandsone for rekreasjon og friluftsliv skal sikrast.

I tillegg har kommunen utarbeida konkrete mål som skal nyttast i vurdering av dei ulike innspela som kjem til planen:

- I nye og eksisterande byggeområde skal det vera korridorar mot sjø slik at ålmenta har tilgong til strandsona.
- Det skal ikkje opnast for ny utbygging i strandsone med store verdiar.
- I naustmiljø bør det etablerast fellesløysingar for bryggjer.
- I områdesentra skal det vera ein strengare praksis på kva som er tillate enn det er i område med mindre byggepress.
- Det er eit mål å sikre tilstrekkeleg båtplassar i kommunen. Desse bør lokalisast i eksisterande hamner. Nye småbåthamner må ikkje byggje ned verdifulle strandsoneareal.
- Nye bustad eller fritidsbustadområde bør ikkje etablerast innan funksjonell strandsone.

5. METODE OG PROSESS

Planprosessen vil kort summert omfatte:

- datainnhenting og kartlegging av dei ulike verdiane i strandsona
- Innspel til arealbruk
- Konsekvensutgreiing og vurdering av arealinnspeil
- Utarbeiding av planskildring og plankart
- Høyring av planen
- Vedtak av plan

KARTLEGGING FUNKSJONELL STRANDSONE

Planarbeidet vil byggje på ei kartlegging av dei ulike verdiane i strandsona (sjå vedlegg 1). Denne kartlegginga har hatt som føremål å fastsetje den funksjonelle strandsona. Funksjonell strandsona er definert som den sona som står i innbyrdes samspel med sjøen både økologisk, topografisk og /eller bruksmessig, og kan vera smalare eller breiare enn 100 meter. Fordelen med kartlegging av den funksjonelle strandsona er at dette arbeidet kan leggja premissar for utarbeidinga av lokalt tilpassa avgrensing av strandsona som erstattar 100 metersbeltet.

Fastsetjing av funksjonell strandsona byggjer på 6 ulike kriterium:

- Naturmangfald
- Landskap
- Kulturminne
- Friluftsliv
- Landbruk
- Infrastruktur

Gjennom denne kartlegginga får ein eit verkty for vurdering av vern, tilpassa bruk og område som kan leggjast til rette for utbygging.

Funksjonell strandsona vert fastsett gjennom synfaring, flyfoto og eksisterande data. Som grunnlag før synfaringa var det utarbeida temakart som inkluderar alle kjende data. Heile strandsona i kommunen vart synfart i samband med forstudien.

BYGGJEGRENSE

Eit av føremåla med utarbeiding av kommunedelplanen er å setje ei lokalt tilpassa byggjegrænse. Denne vil vera sett basert på vurdering ut frå den funksjonelle strandsona. Der det er eksisterande bygningsmasse kan det vera naturleg å setje ei byggjegrænse som ligg inne i den funksjonelle strandsona, så lenge ikkje omsyna i strandsona vert sett til side.

PLANPROSESS

Det vil i arbeidet med planen verta nedsett ei politisk styringsgruppe som skal leggja dei overordna føringane for planarbeidet. Dei overordna føringane vil danne grunnlaget for kva tema som skal ha særskild fokus.

Etter vedtak av planprogrammet vil det verta opna for å kome med innspel til konkrete arealendringar i høve til gjeldande status. Informasjon om kva innspel ein ynskjer og korleis ein går fram vil verta informert på kommunen sine nettsider og gjennom lokalavisa. Det vil vera vurdert å ha folkemøter med lokale grendalag og andre aktuelle grupper her før det vert opna for innspel. Dette vert gjort for å sikre at både organisasjonar, enkeltpersonar og grunneigarar kan kome med innspel om nye område som skal sikrast for det aktuelle føremålet.

På bakgrunn av dei overordna føringane vil innspel på arelaendringar vert vurdert i ei 1. gongs utsiling. Dei innspela som er i tråd med dei overordna føringane vil verta konsekvensutgreidd og vurdert i høve til dette. Innspel som er i tråd med føremålet med planen vil verta teken inn i plankart.

Det vil bli utarbeida ei planskildring som tek for seg planen sitt føremål, hovudinnhald og verknad. Kommuneplaner med føringar for framtidig utbygging skal i tillegg ha ei konsekvensutgreiing som syner verknadane miljø og samfunn, og som skal vera ein del av planskildringa.

KONSEKVEN舜UTGREIING

For kvart av dei konkrete tiltaka skal verknadane vurderast så langt som råd er med bakgrunn i kjend kunnskap. Dei ulike tema for konsekvensutgreiingane er vist under.

	TEMA	FOKUSOMRÅDE	KJELDE
MILJØ	Friluftsliv	Registrerte friluftsområde Lokale friluft- og badeområde Turstiar og nærområde	Hordaland fylkeskommune Registreringar i kommunen
	Landskap	Landskapsform Estetiske verdi Eksposering	Rettleiar «Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland».
	Naturmangfald	Naturtyper Naturmangfald Naturressurser	Naturbase Artsdatabanken Rapport «Kartlegging av naturtyper» 2005 og 2012 Rapport «Kartlegging av sjøaurevassdrag i Osterøy kommune 1998»
	Forureining	Klimagassutslepp Forureining til jord, sediment vatn eller luft	www.miljostatus.no
	Landbruk	Dyrka mark Verdifulle landbruksareal	Markslagskart AR5 Kjerneområde Landbruk
SAMFUNN	Samfunnsutvikling	Lokal tettstad- og grendeutvikling Bustad Næringsutvikling	
	Born og unge	Tilgjenge til utandørs leikeområde og friluftsområde i nærleik av bustadareal. Tilrettelagde område	Barnetråkkregistrering
	Kulturminne	Automatisk freda kulturminne Naustmiljø Sefrak-registrerte bygg	Askeladden Sefrakregisteret

RISIKO OG SÅRBARHETSANALYSE

Kommunal planlegging skal «Fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materialle verdier mv» jamfør plan- og bygningslova § 3-1.

Det skal difor utførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) for ny arealbruk. Føremålet med denne analysen er å avdekke risiko og sårbarhet for planlagde tiltak. Analysen skal òg vurdere avbøtande tiltak.

Ved å opne for nye arealføremål i ein kommunedelplan, skal desse vurderast med omsyn til det konkrete tiltaket og tiltaket sin lokalisering. Summen av nye tiltak kan til saman ha konsekvensar for risikobilete og det må òg vurderast det totale risikobilete. ROS analysen vil difor verta gjennomført for eit overordna og eit detaljnivå.

Osterøy kommune har vedteke akseptkriterium i kommunestyret og har utarbeida eigne retningslinjer i «Metode og akseptkriteria for ROS-analyse i samband med planarbeid» i 2012. Metoden og akseptkriteria her vil verta lagt til grunn for arbeidet med ROS-analysen.

6. PLANTEMA OG TRONG FOR UTGREIINGAR

Det er som ein del av forarbeidet til planen utført ei innhenting av eksisterande kunnskap, jf. tabell 1. Kartlegginga her byggjer på data frå ulike kartbaser.

Tema kartlagd i forstudien	
Biologisk mangfald	Område verna etter naturmangfaldlova
	Område registrert med viktig naturmangfald
	Anna naturmangfald uregistrert
	Større vassdrag
Topografi	Helningsgrad
	Landskapsrom og element
	Ingrepfrie område
Kulturminne	Automatisk freda kulturminne
	Kulturmiljø
Friluftsliv	Statleg og kommunalt sikra friluftsområde
	Regionale friluftsområde
	Lokale badeplassar og friområde
Landbruk	Fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite
Infrastruktur	Veg
	Busetnad
	Sjøtilknytt bygningsmiljø

Ettersom denne forstudien byggjer på eksisterande kunnskap i databaser så kan det vera at det eksisterar lokal kunnskap som ikkje er komen fram. I det kommande planarbeidet må det difor innhentast kunnskap om lokale verdiar som ikkje er registrert.

FRILUFTSLIV

Store delar av kommunen si 130 km lange strandsona er ikkje tilgjengeleg grunna topografi. I tillegg er delar av den tilgjengelege strandsona bygd ut. Utfordringa i planen er å sjå på korleis ein skal forvalte den tilgjengelege strandsona. I forstudien er statlege, regionale og kommunale friområde kartlagd. Lokale område som har eller kan ha verdi for friluftsliv er ikkje registrert.

Planarbeidet bør greia ut kvar desse mindre ikkje-kartlagde områda er. I tillegg bør det greiast ut om det er område som ikkje er i bruk som er godt egna som lokale friluftsområde og som bør leggest til rette for å fungera som lokale badeområde.

NÆRING

Svært mange av kommunen sine næringsområde ligg til sjø. Få av dei eksisterande næringane lokalisert slik er sjøtilknytt. I tillegg er ein del av næringsområda utan aktivitet lokalisert til sjø. Det må vurderast korleis ein skal nytte eksisterande næringsområde utan aktivitet. Planen må ta stilling til trongen for sjønære næringsareal.

SMÅBÅTHAMNER/NAUST

Tilgong til sjø gjennom å ha ein båtplass er eit viktig gode for innbyggjarane i kommunen. Det er difor viktig å leggje til rette for eit tilstrekkeleg tal med båtplassar. Dette kan gjerast gjennom å utvide eksisterande eller etablere nye småbåthamner, eller gjennom etablering av naustområde.

Planarbeidet må ta stilling til kor mange båtplasser det er trong for i dei ulike krinsane og kvar desse skal lokaliserast. Det må òg vurderast kvar det kan etablerast naust og kva størrelse og type naust som er føremålstenleg.

BRUK AV GAMLE BYGG I STRANDSONA

Det står mange gamle næringsbygg i strandsona. Dette er ofte store bygg med stor kulturhistorisk verdi. Ein god del av bygga er i dårleg stand og utgjør ein ikkje-utnytta ressurs. Desse områda ber preg av forfall og har ein avvisande effekt, både fordi dei fungerer som eit fysisk stengsel og fordi dei gjer eit preg av forfall.

Planarbeidet må sjå på kva bruk desse eldre bygga bør ha og korleis ein klarar å ivareta omsyna til mellom anna allmenn ferdsel og kulturminner dersom ein endrar bruken.

AKVAKULTUR

Det ligg 16 område med føremål akvakultur i gjeldande kommuneplan. Det er konsesjon på 9 av desse lokalitetane, der 8 av desse er samla på 25 km i Sørfjorden. I tillegg er det 3 konsesjonar for setjefiskproduksjon i planområdet. Aktørar i oppdrettsnæringa har ynskje om å endra strukturen på anlegga i sjøområdet. Kommunen ser i tillegg at det er fleire akvakulturlokalitetar som er for små eller ligg slik til at dei ikkje vil vera aktuelle for akvakultur. Planen må difor vurderast korleis kommunen skal strukturera dagens akvakulturlokalitetar.

7. TIDSPLAN OG MEDVERKNAD

Kommunen skal gjennom planprosessen syta for open, brei og tilgjengeleg medverknad. Det vil verta oppnemnd ei politisk styringsgruppe med fem personar frå plan og kommunalteknisk utval, som vil leggja dei overordna føringane for planarbeidet. Utval for plan og kommunalteknikk vil vedta planprogram og kommunedelplanen.

Regionale styresmakter vil vera involvert i prosessen i samsvar med dei lovkrav som er gjeldande. I tillegg vil ein delta i regionalt planforum både i prosessen med planprogram og kommunedelplanen.

Det vil verta halde folkemøte for å informera om planprogrammet og mulighetane for å kome med innspel. Ein vurderar å ha direkte møte med grendaråda i tillegg. Grendalag, organisasjonar, lag og foreningar som kan ha interesser i planarbeidet vil verta involvert ved offentleg ettersyn. Det må i tillegg vurderast om det er trong for folkemøter under planarbeidet.

TIDSPLAN

	2014					2015									
	August	September	Oktober	November	Desember	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober
PLANPROGRAM															
Utarbeiding planprogram															
Regionalt planforum															
Politisk handsaming – utlegging til offentleg ettersyn															
Folkemøte om planprogrammet															
Bearbeiding merknadar															
Vedtak planprogram															
PLANPROSESSEN															
Arealinnspel															
Vurdering av arealinnspel															
Utarbeiding 1 utkast plan															
Politisk handsaming															
Utlegging til 1 gongs offentleg ettersyn															
Bearbeiding merknadar															
Vedtak Strandsoneplan															